

VR-sak 4/13 Vedlegg

Auka finansiering av Interreg-programma i Norge 2014-2020

Bakgrunn

Interreg-programma er EU-finansierte samarbeidsprogram som gir midlar til prosjekt som fremjar sosial, økonomisk og geografisk integrasjon og utjamning gjennom regionalt samarbeid.

Programma blei etablert i 1991 for å styrkje samarbeid mellom regionar i ulike EU-land. Noreg har delteke i Interreg-samarbeidet sidan 1996. Vi er nå inn i det siste året i noverande programperiode. I forhandlingane om EU-budsjettet for 2014-2020 som pt. pågår i medlemslanda, er Interreg-budsjettet òg eit tema.

Erfaringane viser at Interreg-samarbeid knyter norske aktørar til viktige nettverk og miljø i Europa og fremjar gode løysingar for ulike samfunnsutfordringar innanfor transport, miljø og klima, arbeidsplassar, tenesteproduksjon, by- og lokalsamfunnsutvikling, folkehelse og andre distrikts- og regionalpolitiske utfordringar. Partnerar får høve til å utveksle kunnskap, erfaringar og kompetanse.

Finansiering og stønadsnivå

Noreg kan delta i åtte geografiske delprogram under tre Interreg-program:

- A-program: Fire grenseoverskridande program langs grensene til Finland, Sverige og Danmark (Nord, Botnia-Atlantica, Norge-Sverige og Øresund-Kattegat-Skagerrak (ØKS-KASK))
- B-program: Tre transnasjonale program - Austersjøen, Nordsjøen og Nordleg Periferi
- Interreg C: Eit all-europeiske program

Interreg-programma er finansierte over ERDF¹ frå EU og ligg difor utanfor EØS-avtalen. Av den grunn er norsk deltaking finansiert over statsbudsjettet. Dei norske statlege midlane til det europeiske territoriale samarbeidet over hele programperioden 2007 til 2013, vart om lag 730 millionar kroner (dette inkluderer Interreg-, ESPON- og URBACT-programma).

A-programma er dei desiderte største med om lag 70 % av heile Interreg finansiering. Alle norske fylke som deltek i A-programma får tildelt øymerka midlar over statsbudsjettet under Kapittel 551, post 60 - Tilskot til fylkeskommunar for regional utvikling.

¹ European Regional Development Fund

Vestlandsrådet

Tilskot til B og C programma er også finansiert under Kommunal- og regional departementet men dei kjem i tillegg til regionale utviklingsmidlar..

Det norske stønadsnivået har lege på 50%, med 50% sjølvfinansiering. Partnerar frå alle land i Nordsjøprogrammet har mottatt 50% stønad, mens partnerar frå EU-medlemsland i andre program har krav på eit stønadsnivå frå mellom 50% og 90% avhengig av land og program (Austersjøen, Nordleg periferi og IVC).

Tabell 1: Oversikt over norsk finansiering i B og C programma

Nordsjøprogrammet (Interreg IVB)	
EU-finansiering (ERDF) totalt	138.538.958 EUR
Norsk finansiering (KRD)	10.000.000 EUR
(Av ERDF totalt løyvde til samanlikning Danmark 6.845.597 €, Sverige 12.657.147 €, Nederland 31.120.662 og Tyskland 31.695.548)	

Nordleg periferi (Interreg IVB)	
ERDF	35,115,000 EUR
Norske midlar (KRD)	5,500,000 EUR
Island, Færøyrane, Grenland	4,655,000 EUR

Austersjøprogrammet (Interreg IVB)	
EU-finansiering (ERDF) totalt	208.034.499 EUR
Norsk finansiering (KRD)	6.020.000 EUR
(Av ERDF totalt løyvde til samanlikning Danmark 10.100.000 €, Finland 20.871.061 €, Latvia 8.575.352 €, Litauen 12.722.230 € og Sverige 31.416.848 €. Kun Estland med sine rundt 1 mill innbyggjarar løyva mindre til programmet enn Norge – 4.245.230 €).	

Interreg IVC	
EU-finansiering (ERDF) totalt	321.000.000 EUR
Norsk finansiering (KRD)	3.000.000 EUR

Vestlandsfylka og A-programma

Dei fire vestlandsfylka har få moglegheiter til å delta i dei grenseoverskridande A-programma fordi dei ikkje har felles grenser med EU-land. Likevel har Rogaland status som «20%-fylke» under Kattgatt-Skagerrak programmet, og Møre og Romsdal har vist interesse for å delta som «20%-fylke» i Norge-Sverige programmet sitt underprogram Nordens Grønne Belte (der Nord- og Sør-

Vestlandsrådet

Trøndelag er fullverdige medlemar på norsk side) i neste programperiode. Med «20%-fylke» meiner vi at inntil 20% av programmidlane kan tildelast definerte fylke utanom programområdet. Ein føresetnad er likevel at det er med ein partner frå eit av dei fylka som er direkte med i programmet og at eit av fylka er viljug til å tildela av 'eigne' midlar til partneren.

Måten A-midlane blir administrert i Noreg har i praksis ført til at det ikkje har delteke partnerar frå 20%-områda i A-programmet i 2007-13 perioden. Sjølv dei to fylka som i prinsippet skulle kunne delta med 20%, er i praksis avskore frå å gjera dette grunna måten A-midlane blir administrert i Noreg.

For 20%-fylka ville det vore betre om i alle fall ein del av A-midlane ikkje blei førehandstildelt til bestemte fylke, men blei administrert samla, slik at partnerar frå 20%-fylka hadde ein reell sjanse til å delta i prosjekta.

Vestlandet si deltaking i Interreg B og C, 2007-2013

Vestlandet deltek hovudsakleg i B og C Interreg-programma.

Tabell 2: Tildelte midlar til Vestlandet

NKR: € 1 = NKR 7,5	Nordsjø	Østersjø	NPP	IVC	SUM pr. fylke
Rogaland	17 859 518	976 875	0 ²	1 025 243	19 861 635
Hordaland	9 738 525	1 032 570	2 483 730	819 525	14 074 350
Sogn & Fj.	479 768	0	4 711 823	0	5 191 590
Møre & R.	5 041 440	4 281 750	0	0	9 323 190
SUM tildelt pr. program	33 119 250	6 291 195	7 284 428³	1 844 768	47 578 238
Sum programmidlar B & C, hele Norge	67 500 000	45 150 000	41 250 000	22 500 000	176 400 000

Tabell 3: Tal partnerar i prosjekt på Vestlandet

	Nordsjø	Østersjø	NPP	IVC	SUM pr. fylke
Rogaland	21	3	0 ²	2	26
Hordaland	12	1	4	2	19
Sogn & Fj.	1	0	9	0	10
Møre & R.	8	1	0	0	9
SUM partnerar	42	5	13	4	64

² Rogaland er utanfor programområdet

³ Noen tall for NPP er estimert grunna manglende informasjon

Vestlandsrådet

Norske midlar til Interreg samarbeid innanfor B & C har ikkje auka sidan førre programperiode 2000-2007, det vil seie at øyremerkta midlar til Nordsjø- og Austersjøprogrammet i noverande programperiode er på same nivå som før. Støtnadsnivået vart senka frå 50 % til 30 % i ein periode under IVB (2007-2013) for norske søkjarar under Austersjøprogrammet, Nordsjøprogrammet og Nordleg Periferi Programmet. Programmidlar for norske deltakarar er ikkje brukt opp under Austersjøprogrammet, Nordleg Periferi programmet og IVC. Dette skuldast nødvendigvis ikkje manglande interesse – det har vore til dels vanskeleg å få prosjektidear godkjente. Desse programma er viktige for Vestlandet og utløyser betydelege midlar til regional utvikling. Nordsjøprogrammet gikk likevel tomt for norske midlar før slutten av programperioden.

Om Nordleg Periferi Programmet

Nordleg periferi dekkjer eit stort geografisk område som omfattar Sverige, Finland, Irland og Storbritannia samt Færøyene, Island, Grønland og delar av Noreg. Desse fylka kan delta frå Noreg: Finnmark, Troms, Nordland, Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag, Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Svalbard.

Programmets innsatsområde er tilrettelagt for dei spesielle utfordringane som gjeld for dei nordlege, perifere regionane, til dømes spreidd busetting på landsbygda og lange distansar mellom tettsted mv. Prioriterte område har vore tiltak innan innovasjon, miljø, tilgjengelegheit og forbindelsen mellom by og land. NPP 2007-2013 har fokusert på utvikling av nye, innovative produkt og tenester.

Om Nordsjøprogrammet

Partnerar frå Vestlandet har vore særskild aktive i Nordsjøprogrammet ved at om lag 50% av tilgjengelege midlar er tildelt partnerar lokalisert i dei fire vestlandsfylka (sjå tabell 2). På grunn av særleg høg interesse for Nordsjøprogrammet og manglande midlar til norske aktørar, vart støtnadsnivået senka frå 50 % til 30 % i ein periode under IVB (2007-2013), men tilbakeført til 50% etter press frå regionale aktørar, mellom anna Vestlandsrådet (sak til Vestlandsrådet sitt møte i april 2009).

Vi har fått signal om at dei nye Interregprogramma 2014-2020 vil leggje opp til ei anna ordning for finansiering og prosjektstøtte, som inneber eit høgare støtnadsnivå for prosjektpartnerar frå EU-land. I så tilfelle bør den norske regjeringa gå inn for liknande budsjett og finansieringsmodellar for norske deltakarar.

Om IVC

Norske partnerar i Interreg IVC har til saman søkt om 8 952 336 Euro, fordelt på i alt fire utlysingar. Det totale norske budsjettet for prosjekt under programmet har vore ca. 2,7 mill. Euro. Det står ca. 585 000 Euro av det norske budsjettet igjen. Det er norske partnerar i 19 godkjente prosjekt. Vestlandsfylke har partnerar i 4 godkjente prosjekt (Hordaland fylkeskomme, Bergen kommune og Rogaland fylkeskommune (2 prosjekter))

Vestlandsrådet

Hordaland og Rogaland fylkeskommunar søkte 3 gonger som «Lead partner» utan å lukkast. Partnerar frå Vestlandsfylke har totalt søkt om 2 829 407 Euro under IVC – det er diverre vanskeleg å få stønad grunna høg konkurranse frå heile Europa. Men det er viktig å oppretthalde moglegheit for deltaking i dette programmet, det er eit viktig program òg for Vestlandet.

Kvifor er Nordsjøprogrammet så viktig for Vestlandet?

Det er tydeleg at Vestlandet har vore mest opptatt av deltaking i Nordsjøprogrammet. 42 partnerar har fått stønad under Nordsjøprogrammet. Men kvifor er Nordsjøprogrammet så viktig for Vestlandet?

- Dei fire Vestlandsfylka har nære historiske og kulturelle band til regionane rundt Nordsjøen. Dette har resultert i strategiske partnerskap og samarbeid på fleire område, til dømes innan kultur og kreative næringar, transport & shipping, miljø og vassforvaltning, tryggleik til sjøs, skulesamarbeid med meir.
- Interreg-samarbeid er eit døme på handlingsrom der norske partnerar kan delta i viktige europeiske arenaer og nettverk. Programmet gir Vestlandet mulegheit til å vere med og påverke samfunnsutviklinga i samarbeid med våre næraste EU- naboland.
- Som eksempel har alle fire vestlandsfylka vore partnerar i det store Nordsjøprosjektet Coast Alive! som hadde fokus på lokalsamfunnsutvikling og folkehelse. Tre av fylka var partnerar i samferdsleprosjektet Stratmos. Eksempla viser òg at Nordsjøprogrammet gir høve til samarbeid mellom fylka og utvikling av felles regionale og internasjonale nettverk.
- Alle fire vestlandsfylka er aktive medlemmar i Nordsjøkommisjonen. Utviklinga av det nye Nordsjøprogrammet for perioden 2014-2020 tek mellom anna omsyn til Nordsjøkommisjonen sitt strategidokument for makroregionen «North Sea Region 2020». Denne strategien oppmuntrar til tettare samarbeid i Nordsjø-området for å løyse felles utfordringar, som til dømes kan finansierast gjennom Nordsjøprogrammet.